

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Styret for Fagskolen Vestland</b>
<b>Møtestad:</b>	Teams
<b>Dato:</b>	25.11.2024
<b>Tid:</b>	Kl. 08:30 – 09:30

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet til [Pernille.Moseng.Rieber@vlfk.no](mailto:Pernille.Moseng.Rieber@vlfk.no)

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [Pernille.Moseng.Rieber@vlfk.no](mailto:Pernille.Moseng.Rieber@vlfk.no)

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Oddmund Klakegg  
Styreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 15/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
<b>Vedtaksaker</b>			
VS 16/24	Lokasjon og bytt bygg for fagskulen i Bergen	2022/486	

---

**Saksnr:** 2022/486-163**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 16/24	25.11.2024

## Lokasjon og nytt bygg for fagskulen i Bergen

Forslag til vedtak

1. Ei splitting av fagskulen i Bergen er ikkje haldbar, og styret ber fylkestinget om må søke å finne løysingar som gjer at fagskulen kan få tidsriktige, sentrale og store nok lokalar til å vere eit flaggskip i Bergen for høgare yrkesfagleg utdanning, utan samlokalisering med ei vidaregåande skule. Fagskulen må løftast fram som den viktige utdanningsinstitusjonen den er for det verdiskapande arbeidslivet i fylket.

Samandrag

Hovudutval for opplæring og kompetanse har gjort ei innstilling til fylkesutvalet om at fagskulen sin aktivitet skal plasserast på tre lokasjonar i Bergen. Noko på Nygård, noko på Årstad og noko på ein av dei tre lokasjonane Laksevåg, Møllendal eller Mindemyren.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Adeline Berntsen Landro  
prorektor organisasjon og samhandling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Styret handsama sak om nytt bygg for fagskulen i møte 18.10.2024 i sak VS 12/24 Ny lokasjon for studiestadene i Bergen. Saka vart handsama på bakgrunn av sak PS 102/24 i fylkestinget 30.09.2024 om framtidig struktur i vidaregåande utdanning, som også omtala lokasjon av fagskulen. Styret vedtok å støtte fylkestinget sitt vedtak.

Hovudutval for opplæring og kompetanse handsama i møte 20.11.2024 sak PS 64/2024 *Investeringar i skulesektoren*. Administrasjonen si innstilling i saka om fagskulen var som følgjer:

«Nytt bygg for fagskulen blir etablert på tomten for C-bygget på Årstad vgs. Framdrifta på byggeprosjektet må sikra at bygget er tilgjengeleg for skulen seinast sommaren 2031.»

I sakshandsaminga i hovudutval for opplæring og kompetanse (OPK) vart administrasjonen sin innstilling ikkje teke til følgje og følgjande vedtakspunkt vart gjort som omhandlar lokasjon for fagskulen:

1. .... Det skal i samband med prosjektet på Årstad vurderast om det er mogeleg å flytte nokre klassar i vg1 teknologi- og industrifag frå LBM vgs til Årstad vgs. Årstad vgs skal primært brukast til vgs., **men det skal også vurderast om Fagskulen Vestland kan ha lokalisert noko av si verksmed der.**
2. Eigedommen på Nygård skal rehabiliterast og verte utvida så mykje som råd. Fylkestinget bed om ei grundig **vurdering av kor mykje av Fagskulen Vestland sin aktivitet som kan få plass i eit utvida skulebygg** saman med LBM vgs sin noverande aktivitet i bygget.
3. Det verte utgreid korleis den **resterande aktiviteten til LBM vgs og Fagskulen Vestland kan verte lokalisert ved høvesvis:** delvis nytt skuleanlegg ved tidlegare Laksevåg vgs., nytt skuleanlegg i Møllendal og nytt skuleanlegg på Mindemyren. Dei tre alternative skal verte samanlikna på både pris og kvalitet for brukarane.

### Vurdering av vedtaket i OPK

Rektor forstår vedtaket i OPK slik at fagskulen sin aktivitet skal plasserast på tre lokasjonar i Bergen. Noko på Nygård, noko på Årstad og noko på ein av dei tre lokasjonane Laksevåg, Møllendal eller Mindemyren.

Vidare seier vedtaket i OPK følgjande:

Fylkestinget ber styret i Fagskulen Vestland om eit grundig og grunngitt innspel om skulen sitt behov for areal og utstyr for opplæringa i Bergen og tydelege kriterium for val av lokalisering i Bergen. [...]

Rektor vil vise til fylkestinget sitt vedtak i sak PS 102/24 som legg vekt på at fagskulestyret skal vere involvert i prosessen om utgreiing av lokasjon og bygg for fagskulen sine studiestader i Bergen. Det same ser ein i siste vedtakspunkt frå OPK.

Vedtaka om involvering og uttale frå styret om lokasjon og arealbehov til fagskulen står i sterk kontrast til dei øvre vedtaka om å pulverisere fagskulen på tre stader i Bergen. Rektor meiner at eit slikt vedtak er å sette fagskulen mange år tilbake i tid. Heilt i frå skulebruksplan i gamle Hordaland fylkeskommune i 2013 har det vore arbeidd med å slå saman små fagskular til ei større eining og finne eigna lokasjon og bygg for eitt felles studiestad for fagskulen sine lokasjonar i Bergen. Dette er i tråd med nasjonal politikk om å redusere talet på fagskular ved å slå saman og skape større og meir robuste organisasjonar og fagmiljø. Fagskulen har også i fleire år arbeidd systematisk med å styrka fagmiljøa ved fagskulen. Dei politiske vedtaka peiker på at dette er viktig for vidaregåande skular, medan ei ytterlegare splitting av fagskulen sitt miljø ikkje vert vurdert som negativt.

Tidlegare Hordaland fylkeskommune har vurdert fleire alternativ for nytt bygg for fagskulen sin aktivitet i Bergen sidan 2014, og rektor vil sei at politisk har fagskulen blitt ei kasteball mellom ulike

lokasjonar, og eit middel for å styrke vidaregåande skular sjølv om det vil svekke fagskulen. Tidlegare vedtak om å flytte fagskulen til Laksevåg, samlokalisert med vgs, og no vedtak om å fragmentere fagskulen til tre lokasjonar saman med vidaregåande skular er ei fallitterklæring frå skuleeigar. Fagskulen Vestland står no ovanfor store budsjettkutt og ei mogleg framtid, der den store aktiviteten fylkeskommunen har i Bergen, vert pulverisert. Eit eige bygg for fagskolen i Bergen som kan romme alle studentar, tilsette og utstyret i Bergen vil gi store synergieffektar.

Studentane ved fagskulen er godt vaksne med ei snittalder på 32 år, og kombinerer ofte utdanning med arbeid. Utdanningstilbodet til fagskulen er svært ettertrakta i fylket og søkartala har veksle mykje dei siste åra. Tilsøkinga er større enn det fagskulen har kapasitet og ressursar til å imøtekome.

Styret for fagskulen har heile tiden vore tydeleg på at det er ønskjeleg å ha eit eige bygg for fagskulen utan samlokalisering med vidaregåande utdanning, og med ei sentral lokasjon. Mange studentar er såleis tilreisande. Nærleik til bybanen og ei sentral lokasjon er såleis viktig for fagskulen og studentane.

Rektor meiner at OPK sin innstilling til fylkesutvalet er heilt uholdbar og som nemnt eit stort tilbakesteg. Forslaget om å dele dagens to studiestader på tre ulike stader vil fragmentere fagmiljøet ytterlegare og bidra til å pulverisere fagskulen. Administrativ vil fagskulen også miste synergieffektar, og det administrative fagmiljøet vil verte mye meir sårbart når det skal fordelast på tre studiestader. Det er ikkje ein modell som bidreg til god arbeidsvilkår for tilsette.

Samanslåingane av fagskulane har vore kompleks og krevjande. Vi har som informert om tidlegare blitt om lag åtte til ti millionar dyrare å drifte på grunn av harmonisering av arbeidstidsavtale. Dersom ein vel å splitte Fagskulen Vestland meir, vil dette føre til auka ressursbruk og mindre pengar til å drive med kompetanseheving til det verdiskapande arbeidslivet, ein vil oppleve eit auka byråkrati.

#### Vedtakskompetanse

Vedtektene for styret, § 1-1 sjuande ledd:

«Fylkesdirektøren skal førebu saker som skal handsamast av fylkestinget. Styret ved fagskulen skal ha høve til å gje uttale før fylkestinget skal handsama saka. Styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren.»

#### Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret tydeleg presiserer ovanfor skuleeigar ved fylkestinget at ei splitting av fagskulen i Bergen ikkje er haldbart, og at ein må søke å finne løysingar som gjer at fagskulen kan få tidsriktige, sentrale og store nok lokalar til å vere eit flaggskip i Bergen for høgare yrkesfagleg utdanning utan samlokalisering med ei vidaregåande skule. Fagskulen må løftast fram som den viktige utdanningsinstitusjonen den er for det verdiskapande arbeidslivet i fylket.